

Møteinnkalling

Utval: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Møtestad: Skei Hotell i Jølster
Dato: 02.12.2013
Tidspunkt: 14:00

Velkommen til Skei til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre sitt siste møte i 2013.

Møtet begynner kl 14.00, og det er fleire viktige saker som styret skal handsame. Vi har bestilt ein flott middag til kl. 17.00, mellom anna med Jølstraure.

Dersom varamedlem ønskjer å vere med på møtet og middagen, er de velkomne til å delta!

Eventuelt forfall må meldast snarast til nasjonalparkforvaltar Maria på tlf. 93 66 42 56.

Styremedlem frå Stryn, Sven Flo, har meldt forfall, vara Marie Johanne Folven møter i staden. Andre vararepresentantar møter til styremøtet etter nærare beskjed.

Vel møtt!

Saksliste

| Utvals- saksnr | Innhald | Lukka | Arkiv- saksnr |
|---------------------------|--|--------------|--------------------------|
| ST 35/13 | Godkjenning av innkalling og dagsorden | | |
| ST 36/13 | Val av to styremedlemmer til å skrive under protokoll | | |
| RS 5/13 | Referat frå møte i fagleg rådgjevande utval 2013 - Jostedalsbreen nasjonalpark | | 2011/3934 |
| RS 6/13 | Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - vinnar av anbodskonkurranse om kartleggingstenester | | 2013/4819 |
| ST 37/13 | Jostedalsbreen nasjonalpark - utviding av fagleg rådgjevande utval | | 2011/3934 |
| ST 38/13 | Oppstartsmelding for revideringa av forvaltningsplanen, Jostedalsbreen nasjonalpark | | 2013/4971 |
| ST 39/13 | Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - tiltaksplan 2014 | | 2013/4857 |
| ST 40/13 | Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - høve kring bestillingsdialogen for 2014 | | 2013/5023 |

ST 35/13 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 36/13 Val av to styremedlemmer til å skrive under protokoll

RS 5/13 Referat frå møte i fagleg rådgjevande utval 2013 - Jostedalsbreen
nasjonalpark

RS 6/13 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - vinnar av anbodskonkurranse om
kartleggingstenester

Arkivsaksnr: 2011/3934-0

Saksbehandlar: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 26.11.2013

| Utval | Utvalgssak | Møtedato |
|----------------------------------|------------|------------|
| Jostedalsbreen nasjonalparkstyre | 37/13 | 02.12.2013 |

Jostedalsbreen nasjonalpark - utviding av fagleg rådgjevande utval

Innstilling frå forvaltaren

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre utvider sitt fagleg rådgjevande utval til å inkludere ein representant frå alle dei tre autoriserte nasjonalparksentra. Fagleg rådgjevande utval vert også utvida til å inkludere ein representant frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane sin miljøvernavdeling.

Saksopplysningar

I sitt styremøte den 9.-10. juni 2011 oppretta Jostedalsbreen nasjonalparkstyre i sak 14-2011 eit fagleg rådgjevande utval.

Vedtaket vart formulert som følgjande:

Nasjonalparkstyret oppmodar følgjande sju institusjonar/miljø om å oppnemne ein person til utvalet:

- *Dei tre nasjonalparksentra kring Jostedalsbreen nasjonalpark (Breheimsenteret, Bremuseet og Nasjonalparksenteret)*
- *Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane*
- *Sogn og Fjordane Turlag*
- *Sogn og Fjordane Bondelag*
- *Sogn og Fjordane Bonde- og småbrukarlag*
- *Reiselivslaga (destinasjonsselskapa) i fylket knytt til Jostedalsbreen nasjonalpark (Reisemål Stryn og Nordfjord, Reisemål Sunnfjord, Reisemål Sogndal og Luster og Fjærland Reiselivslag)*
- *Forskningsmiljø (t.d. klima/geografi/geologi i Bergen (Høgskulen i Sogn og Fjordane, Universitetet i Bergen)*

Nasjonalparkstyret meiner ein kan eventuelt supplere eller endre samanstillinga av det fagleg rådgjevande utvalet ved eit seinare høve.

Disse representantane har utgjort Jostedalsbreen nasjonalparkstyre sitt fagleg rådgjevande utval:

| | |
|---|-----------------|
| Naturvernforbundet | Jon Farestveit |
| Universitetet i Bergen | Atle Nesje |
| Nasjonalparksentra | John Brekke |
| Sogn og Fjordane Bondelag | Merete Støfring |
| Sogn og Fjordane Bonde- og småbrukarlag | Ingolf Folven |
| Reiselivslaga | Peder Kjærvik |
| Sogn og Fjordane Turlag | Ingeborg Flaten |

Fagleg rådgjevande utval har per dags dato hatt eitt møte pr år, som regel i november. Neste år blir det truleg to møte grunna forvaltningsplanarbeidet.

Vurdering

Det er av forvaltar si vurdering at nasjonalparkstyret bør utvide det fagleg rådgjevande utvalet (FRU). Sjølv om det ikkje er eit mål i seg sjølv å ha flest mogeleg i utvalet er det viktig å sikre involvering av ulike interesser, kunnskap og kompetanse i verneområdet.

Nasjonalparken vår er unik i Noreg fordi vi har tre nasjonalparksentre rundt verneområdet. Fordi dei dekker kvart sitt geografiske område av nasjonalparken, har litt ulik profil og har kontakt med kvart sitt «bygdemiljø» vurderer forvaltar at dei tre sentra bør ha kvar sin representant i FRU.

I fleire andre verneområdestyre, m.a. Stølsheimen og Nærøyfjorden sit også ein representant frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, då tidlegare verneområdeforvaltar. Fordi Fylkesmannen har forvalta Jostedalsbreen nasjonalpark dei siste 20 åra har dei mykje kunnskap og erfaring frå området, noko som forvaltar vurderer kan vere nyttig i FRU også dei kommande åra.

Med ei utviding av FRU med dei føreslegne kandidatane vil utvalet ha 10 representantar.

Arkivsaksnr: 2013/4971-0

Saksbehandlar: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 25.11.2013

| Utval | Utvalgssak | Møtedato |
|----------------------------------|-------------------|-----------------|
| Jostedalsbreen nasjonalparkstyre | 38/13 | 02.12.2013 |

Prosjektplan og oppstartsmelding for revideringa av forvaltningsplanen, Jostedalsbreen nasjonalpark

Innstilling frå forvaltaren

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vedtek prosjektplan og oppstartsmelding for revideringa av forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark, og dermed også oppstart av planarbeidet. Prosjektplanen vert sendt kommunar, andre offentlege etatar, grunneigarar, rettshavarar og andre brukargrupper av nasjonalparken.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark frå 1994
- Verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark frå 1991
- Naturmangfoldlova frå 2009
- Vedtektene for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

Som forvaltningsmynde for Jostedalsbreen nasjonalpark er styret ansvarleg for å utarbeide og revidere forvaltningsplanen for verneområdet (jf vedtektene).

Miljødirektoratet skal ha planen til fagleg gjennomgang før høyring og til endeleg godkjenning etter høyring. Saksgangen for arbeidet med forvaltningsplanar er i utgangspunktet følgjande:

- Styret vedtar prosjektplan, og sender oppstartsmelding til kommunar, andre offentlege etatar, grunneigarar, rettshavarar og andre brukargrupper jf (nml §§ 41-43)
- Arrangere oppstartsmøte rundt i kommunane/bygdene
- Etablere referansegruppe/arbeidsgruppe, i vårt tilfelle vil fagleg rådgjevande utval ha denne funksjonen.
- Utarbeide framlegg til forvaltningsplan for nasjonalparken

- Få den godkjent i Miljødirektoratet og deretter sende framlegget på høyring til kommunar, andre offentlege etatar, grunneigarar, rettshavarar og andre brukargrupper
- Gjennomgang av alle høyringsuttalar og innarbeiding av innspel i planen
- Godkjenning av planen i nasjonalparkstyret, Miljødirektoratet og utsending

Forvaltar har sett opp framlegg til prosjektplan. Etter at prosjektplanen er godkjent av styret, skal melding om oppstart av planarbeidet gå ut. Oppstartsmeldinga vert og trykt i alminneleg leste aviser rundt verneområdet.

Prosjektplan, revideringa av forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark

Føremål

Føremålet med forvaltningsplan er å sikra ein heilskapleg og forutsigeleg forvaltning av verneområdet. Planen skal ha eit perspektiv på minst 10 år. I arbeidet med planen er det viktig med ei brei deltaking frå ulike interesser og brukargrupper. Slik kan vi få fram verneføremålet og bruksverdiene, og på den måten dempa moglege konflikhtar.

Forvaltningsplan skal vera eit styringsverktøy i arbeidet med å forvalte nasjonalparken og slik også ivareta verneførmålet. Med ein heilskapleg forvaltning kan vi unngå tilfeldige enkeltvedtak som kan vere til ulempe for verneverdiene.

For å få ein heilskapleg arealforvaltning både innanfor og utanfor nasjonalparken, bør det i arbeidet med revidering av planen, vurderast om det er trong for omsynssoner rundt verneområdet (jf. § 11-8, hensynssoner i plan- og bygningslova av 27.06.2008), for å hindra vesentleg forringing av verneverdiene innanfor verneområdet.

Arbeidet med forvaltningsplanen opnar ikkje for ein ny vurdering av verneforskrifta eller grensdraginga av nasjonalparken.

Forvaltningsplanen skal:

- Presisere og utdype verneforskrifta
- Definere overordna forvaltningsmål og bevaringsmål
- Beskrive tilstanden for naturmiljø, kulturminne og kulturlandskap, og synleggjere trugsmål både innanfor og utanfor vernegrensa
- Omhandle status for og behov frå ulike brukarinteresser (t.d. landbruk, friluftsliv, reiseliv, med fleire)
- Konkretisere ønskja og naudsynte tiltak i nasjonalparken
- Legge til rette for gode rutinar i handsaminga av dispensasjonssakar etter verneforskrifta.

Målgruppe

Målgruppene er kommunane, ulike offentlege etatar, grunneigarar og rettshavarar,

næringsorganisasjonar, interesseorganisasjonar, med fleire.

Kunnskapsgrunnlaget

Det vert gjennomført ein kunnskapsinnhenting av tema kring kulturminne, næringsaktivitet (landbruks- og turismerelatert næring). Jostedalsbreen nasjonalparkstyre ønskjer å innarbeide ein besøksstrategi i forvaltningsplanen, og delta i Miljødirektoratet sitt pilotprosjekt. Det er mogeleg at det under planarbeidet vert avdekkja trong for fleire kartleggingar.

Organisering

Nasjonalparkstyret er styringsgruppe for arbeidet og eigar av planen. Styret vil ha det overordna og formelle ansvaret for både planprosessen og plandokumentet. Det faglege rådgjevande utvalet (FRU) er referansegruppe, og skal ha ein rådgjevande funksjon. Det administrative kontaktutvalet skal kunne sjå til at forvaltningsplanen er i tråd med kommunale- og fylkeskommunale planar, og ha dialog kring kva om skjer i randsona i verneområdet.

Nasjonalparkforvaltaren vil stå for det praktiske skrivearbeidet, samt organisering og gjennomføring av møte. Den overordna målsettinga med prosessen er å sikre ein god dialog og få god flyt av informasjon til alle involverte partar. Nasjonalparkstyret sin heimeside er den naturlege kanalen for formidling av informasjon. Media vil bli invitert til oppstartsmøta slik at prosessen vert gjort kjent for flest mogeleg på lokalt plan.

Framdriftsplan:

| Oppgåve | Ansvarleg | Tidspunkt |
|--|--------------------|-----------------------|
| Vedtak av prosjektplan og oppstartsmelding | Nasjonalparkstyret | 2013 Desember |
| Kunngjering/utsending | Forvaltar | 2013 Desember |
| Oppstartsmøte fagleg rådgjevande utval (FRU) | Forvaltar | 2013 November |
| Oppstartsmøte kommunar og bygder | Forvaltar | 2014 Jan/Feb/Mars |
| Høyringsfrist oppstartsmelding | Forvaltar | 2014 – 1.april |
| Føre pennen, skrive planen | Forvaltar | 2014 April - Desember |
| Fagleg gjennomgang av planutkast | Miljødirektoratet | 2015 Januar – Februar |
| Tilpassingar etter fagleg gjennomgang | Forvaltar/Styret | 2015 Mars |
| Vedtak av framlegg til planutkast | Styret | 2015 April |
| Presentasjon av planutkast til kommunar, FRU, høyringspartar | Forvaltar | 2015 April/mai |
| Høyringsfrist | | 2015 - 1.september |
| Handsaming av merknadar og innspel | Forvaltar | 2015 September |
| Vedtak av forvaltningsplan | Styret | 2015 Oktober |
| Godkjenning forvaltningsplan | Miljødirektoratet | 2015 Oktober-Desember |
| Trykking og utsending av planen | Forvaltar | 2016 Januar |

Budsjett

| | |
|---------------------------------------|------------------|
| Annonser i avisene | kr 25 000 |
| Bygdemøte og fagleg rådgjevande utval | kr 30 000 |
| Utsending av planen på høyring | kr 10 000 |
| Trykking av den ferdige planen | kr 15 000 |
| Sum | kr 80 000 |

Arkivsaksnr: 2013/4857-0

Saksbehandlar: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 27.11.2013

| Utval | Utvalgssak | Møtedato |
|----------------------------------|-------------------|-----------------|
| Jostedalsbreen nasjonalparkstyre | 39/13 | 02.12.2013 |

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - tiltaksplan 2014

Innstilling frå forvaltaren

Saka vert lagt fram utan innstilling, men med eit utkast til diskusjon.

Saksopplysningar

Nasjonalparkforvaltar har sendt invitasjon til innspel på tiltaksplanen til Administrativt kontaktutval, Fagleg rådgjevande utval (sjå også referatsak), og har hatt saka liggjande på heimesida til nasjonalparkstyret i om lag tre vekers tid.

Dei enkelte postane på skjemaet vert presentert på styremøtet.

Vurdering

Sjå excel-skjema på neste side. Kolonne 4 (prioritet) er kun eit utgangspunkt for diskusjon. Det er også plass til fleire tiltak, eller høve til å utsette tiltak til året 2015 eller seinare.

| TILTAKSPLAN FOR JOSTEDALSBREEN NASJONALPARK 2014-2017 | | | | | | | | | | |
|---|------------------------|--|-----------|-----------------------|--------------------------|---|-----------------------------------|-----------------------|-----------------------|--|
| Vernemåtelevnavn + naturbase- id | Tiltakskategori | Kort beskrivelse av tiltak | Prioritet | Finansiering | Sist endret: datomind år | Hvem gjennomfører tiltaket? | Gjennomføringsperiode (2014-2017) | Intervall (eventuelt) | Kostnadsoverslag (kr) | Merknad/kommentar |
| Jostedalstreene nasjonalpark VV00000672 | | Rydde kulturlandskapet på selflata og nordover ved Sunndalssetra | 1 | SNO/Styret | | Sundalssetra grunneigarlag | 2014 | | 15 000 | Prøveprosjekt med betedyr |
| Jostedalstreene nasjonalpark VV00000668 | Skjøtsel av vegetasjon | Utbedring av stien over Lundekaret | 2 | SNO-bestillingsdialog | | Grunneigarar/DNT/SNO/forvaltar/reisellv | 2014 | | 600 000 | Sjå rapport for restaurering av gamle ferdselsveger |
| Jostedalstreene nasjonalpark VV00000669 | Tilrettelegging | Utbedring av stien over Oldskarret | 3 | SNO-bestillingsdialog | | Grunneigarar/DNT/SNO/forvaltar/reisellv | 2014 | | 500 000 | Sjå rapport for restaurering av gamle ferdselsveger |
| Jostedalstreene nasjonalpark VV00000673 | | Fjerne gran og opne vetter i Krundalen | 4 | SNO-bestillingsdialog | | Grunneigarar/bygdela/SNO | 2014-2015 | | 40 000 | Grana spreier seg, og vatningsveitene tettar seg, slik at stien vert flauma med jamne mellomrom. |
| Jostedalstreene nasjonalpark VV00000671 | Utak av fremmede arter | Lage ein detaljplan for skjøtsel i Bødalen/Ertdalen/Sunnndalen | 5 | SNO/Styret | | Grunneigarar/bygdela/SNO | 2014 | | 90 000 | Jf skjøtselspann. Kr 30 000,- til kvar av dei tre dalfløra for ein enkel og detaljert plan for rydding av glenavaste setervoller og viktig kulturlandskap. |
| Jostedalstreene nasjonalpark VV00000670 | Informasjon | Parkeringsplass og informasjon ved npsentret på Fosnes | 6 | SNO/Styret | | Jostedalstreene nasjonalparksentret | 2014-2015 | | | Jostedalstreene nasjonalparksentret har utarbeida detaljert prosjektskildring med kostnadsoverslag |
| Jostedalstreene nasjonalpark VV00000674 | Vedlikehold | Kvannebakku | 7 | Styret/Røde kors | | Løstet Røde Kors | 2014 | | 10 000 | Tiltaket er søknadspliktig jf verneforskrifta |
| Jostedalstreene nasjonalpark VV00000675 | Vedlikehold | Trekanthytta på Steinmannen | 8 | Styret/Røde kors | | Hafslø Røde Kors | 2014 | | 50 000 | Tiltaket er søknadspliktig jf verneforskrifta |
| Jostedalstreene nasjonalpark VV00000676 | Tilrettelegging | Utbedre stien til Steinmannen | 9 | SNO-bestillingsdialog | | Grunneigarar/SNO/forvaltar/Røde kors | 2014 | | 300 000 | Sjå rapport for restaurering av gamle ferdselsveger |
| Jostedalstreene nasjonalpark VV00000677 | Tilrettelegging | To bruer i Langedalen Austerdalen | 10 | SNO-bestillingsdialog | | DNT/SNO | 2014 | | | |
| Jostedalstreene nasjonalpark VV00000678 | Vedlikehold | Vøle opp fundament på bru-karet på Slinglebrua | 11 | SNO/Styret | | Skåstallaget | 2014 | | 50 000 | Fundamentet på bru-karet har blitt svekka grunna erosjon |
| Jostedalstreene nasjonalpark VV00000679 | Tilrettelegging | Steinsetting av sti ved S-sving 3 på Skåstien | 12 | SNO-bestillingsdialog | | Skåstallaget | 2014 | | 30 000 | Forsterke sti og stabilisere lausmasser |

Arkivsaksnr: 2013/5023-0

Saksbehandlar: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 27.11.2013

| Utval | Utvalgssak | Møtedato |
|----------------------------------|------------|------------|
| Jostedalsbreen nasjonalparkstyre | 40/13 | 02.12.2013 |

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - høve kring bestillingsdialogen for 2014

Innstilling frå forvaltaren

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vedtar primært at nasjonalparkforvaltar, i dialog med SNO, får delegert fullmakt til å fylle inn skjema og gjennomføre bestillingsdialogen for 2014. Tiltaksplanen vil ligge til grunn for dei kostnadskrevjande tiltaka.

Sekundært kan Jostedalsbreen nasjonalparkstyre eller arbeidsutvalet sette opp eit nytt styremøte i begynninga av januar for å vedta bestillingsdialogen for nasjonalparken.

Saksopplysningar

Det har pr dags dato ikkje komme instruksar kring bestillingsdialogen for året 2014, anna enn at fristen for innlevering til Statens naturoppsyn-sentralt er den 10. januar. Årsaka til forseinkinga frå sentralt hald er overgangen til eit elektronisk søknadssenter.

Vurdering

Anten kan styret møtast til eit nytt møte i begynninga av januar eller så kan forvaltar og SNO lokalt gjere arbeidet. Miljødirektoratet legg opp til at bestillingsdialogprosessen skal forankrast godt i styret.

Med tiltaksplanen som fundament for bestillingsdialogen vil styret ha forankra dei kostnadskrevjande tiltaka. Andre bestillingar som ikkje krev økonomiske ressursar, som til dømes registreringar av ferdslø, dyre- og planteliv, oppsyn med verneforskrift og løyve eller vegleiing, vil kunne vidareførast omtrent som frå tidlegare år.

